



## Rådgevande utval

Sakshandsamar Alf Erik Røyrvik

Vår ref. 2014/1165-0 432.2

Dykkar ref.

Dato 30.10.2018

# Ålfotbreen landskapsvernområde - Referat etter møte i Rådgevande utval

Fredag 26.10.2018 kl 12.00 – 14.00 på Gloppen hotell

### Desse møtte:

Alvar Melvær – *Sogn og Fjordane turlag*, Martin K. Førde – *grunneigar Bremanger*, Ragna Flatla Haugland – *SFE og Svelgen Kraft*, Leidulv Solvang – *grunneigar Flora*, Rune Holen – *SNO*, Hege Lothe – *styreleiar verneområdestyret*, Alf Erik Røyrvik – *verneområdeforvaltar (referent)*.

### 1. Velkommen. Opning av møtet

Styreleiar Hege Lothe opna møtet og ynskta velkommen.

### 2. Informasjon frå forvaltninga

Verneområdeforvaltar Alf Erik Røyrvik orienterte kort om styresaker, forvaltning, prioriteringar og tiltak i 2018.

Det har vore få saker til handsaming i 2018, berre to helikoptersøknader.

Vi fekk bra med tiltaksmidlar i 2018, og har derfor fått jobba ein del med fleire tiltak:

- Stien Hope – Lavesteinen. Arbeidet held fram i 2019.
- Grusvegen til Nakkane i Hope. Vert gjort ferdig i 2019.
- Stige på stien frå Blåbrebu til breen. Vert gjort ferdig i 2019.
- Rydda og merka sti frå Førdedalen til Hylle 7. Utførst av grunneigarlaget.



### **3. Besøksstrategi**

Verneområdeforvaltaren innleia om kva ein besøksstrategi er og kva som er visjonen og målsetninga bak strategien.

Vidare gjekk forvaltar kort gjennom dokumentet.

Møtelyden tok seg tid til å snakke ein del om dei strategiske val og prioriteringane som var lagt opp til.

Besøksstrategien ligg ute på høyring. Høyringsfristen er 20.nov. Alle kan kome med innspel. Innspel bør kome skriftleg til verneområdeforvaltaren.

Kommentarar til besøksstrategi i møtet:

- Sjekke opp om det er guida turar til breen.
- Det er ikkje merka heile vegen frå Gjegnabu til Gjegnen.
- 10-12 timar avstand mellom Blåbrebu og Gjegnabu er kanskje litt rikeleg.
- Vurdere Svelgen som innfallsport
- Bruke Ut.no og liknande plattformer meir for å få ut informasjon om verneområdet.

### **4. Aktuelle tiltak i 2018**

Prioritering av tiltak som skal gjennomførast i 2019 heng mykje saman med tiltaksplanen i besøksstrategien, og kor langt ein har kome med tiltaka i 2018. Det som er aktuelt og naturleg å jobbe med ut i frå dette er:

- Gjere ferdig arbeidet på stien Hope – Lavesteinen
- Gjere ferdig utbetring av grusvegen til Nakkane
- Montere stigen ved Blåbrebu
- Tilrettelegging i Førdedalen
- Jobbe med skilting og merking

### **5. Innspel frå utvalet**

Innspel til forvaltninga av verneområdet:

- I dag har Sogn og Fjordane turlag ein plass i utvalet på vegne av alle turlaga. Er det aktuelt å gje plass til alle dei tre lokale turlaga i staden? (Flora turlag, Keipen turlag, Midtre Nordfjord turlag).
- Invitere inn Gloppen Aktiv i utvalet?

Innspel til tiltak i 2019:

- Reparere bru ved Stølsvatnet (Grøndalen). Forankringa på eine sida begynner å gje seg.
- Utbetre/bygge sti frå enden av vegen i Førdedalen og opp til Fessene.
- Bygge grill eller liknande ved parkeringsplassen i Grøndalen.
- Bru i Svartedalen har vore meldt inn tidlegare. Litt lite engasjement kring denne frå Flora turlag med fleire.



**6. Eventuelt**

Ingen saker